



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.09.2025

Vår ref.: 201300215-37 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om planendring for Kreppingdalen kraftverk i Ulla, Hjelmeland kommune, Rogaland

NVE har fått ein søknad frå Kreppingdalen Kraftverk AS om planendring for Kreppingdalen kraftverk i Hjelmeland kommune. Søknaden blir no send på høyring til ramma partar med høyringsfrist 07.11.2025.

Etter NVE si vurdering krevst det ikkje kunngjering og brei offentleg høyring av søknaden om planendring for Kreppingdalen kraftverk. Søknaden blir derfor send på høyring til dei som tidlegare har uttalt seg til saka.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Kreppingdalen Kraftverk AS, datert 03.07.2025, om planendring for Kreppingdalen kraftverk i Hjelmeland kommune. Etter ei ny vurdering av prosjektet og oppdaterte kostnadsestimat, vert det søkt om å flytte kraftstasjonen frå dagen og inn i fjell. Vassvegen vert endra frå borehol i heile lengda til ein kombinasjon av tilkomsttunnel med utløpskanal inn til stasjonshall, med vidare boring opp til inntaket. Endringa inneber større mengder overskotsmassar som må handterast, men ifølgje søker vil det redusere risikoen knytt til lange borehol. Tiltaket vil redusere utbyggingskostnadane med om lag 12 millionar kroner og auke årleg produksjon med 0,4 GWh. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9732/V.

Søknaden skal behandlast etter reglane i vassressurslova kapittel 3.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Vi ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngeevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av planane. Vi presiserer at vi ber om synspunkt på endringane i planane, og ikkje generelle kommentarar til utbygginga. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn kan sendast inn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9732/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201300215 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201300215 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **7.11.2025**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom fråsegna er lange, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Hjelmeland kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Heidi Botheim

rådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
HJELMELAND KOMMUNE
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

Kopimottakarliste:

BLÅFALL AS